

Jostedalsbreen nasjonalpark - innkalling til møte den 13. mars 2012

Tid: Tysdag den 13. mars 2012 frå kl. 08.30 – 15.00

Stad: Kviknes hotell i Balestrand

Til stades frå styret:

Andre deltakarar:

Saksliste:

Sak 1 - 2012

Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 2 - 2012

Val av to representantar for underskriving av protokoll frå førre møte

Sak 3 - 2012

Konstituering av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

- a) Val av leiar
- b) Val av nestleiar

Sak 4 - 2012

Val av arbeidsutval (AU)

- a) Val av to medlem til au
- b) Val av to vara til au
- c) Rammer for delegering av sakar til au

Sak 5 - 2012

Kompetanseprogram

- | | |
|-------------------|--|
| Kl. 09.30 – 10.00 | Historie og verneverdiar i Jostedalsbreen nasjonalpark |
| Kl. 10.00 – 10.15 | Pause |
| Kl. 10.15 – 10.45 | Verneforskrift, forvaltningsplan og prosessen framover |
| Kl. 10.45 – 11.15 | Reiseliv i nærleiken av nasjonalparken |
| Kl. 11.15 – 12.00 | Utfordringar og aktuelle tiltak framover (diskusjon) |
| Kl. 12.00 – 13.00 | Lunsj |

Sak 6 - 2012

Orienteringssakar

- a) Status fagleg rådgjevande utval
- b) Status administrativt kontaktutval
- c) Orientering om økonomiske midlar til tiltak i 2012 (bestillingsdialogen)
- d) Orientering om budsjettet for 2012 (dersom det har komme frå DN)
- e) Orientering om skiltprosjektet

Sak 7 - 2012

Frie midlar til nasjonalparkstyret for bruk i verneområdet (drøftingssak)

Styret får tildelt kr 195 000,- for disponering til det beste for nasjonalparken. Kva ønskjer styret å prioritere for 2012?

Sak 8 - 2012

Jubileumsarrangement i juni (drøftingssak)

I juni 2012 er det 20 år sidan Jostedalsbreen nasjonalpark vart offisielt opna. Tidlegare styrevedtak har lagt opp til eitt eller fleire arrangement. Ønskjer nasjonalparkstyret å halde eit jubileumsarrangement i juni? Kva rammer ønskjer ev styret for arrangementet?

Sak 9 - 2012

Tidspunkt for handsaming av klage frå Anders Folven (drøftingssak)

Styret vedtok i oktober å gje eit rammeløyve for oppsetting av sel på Sunndalssetra. I november mottok sekretariatet ei klage frå eigar av naboselet. Styret må handsame klaga, og diskutere om det er best å ta ei synfaring til Sunndalen for å sjå området. Aktuelle tidspunkt for klagehandsaming kan då vere mai eller juni.

Sak 10 – 2012

Møteplan framover for nasjonalparkstyret

Sak 11 – 2012

Årsrapport frå nasjonalparkstyret (drøftingssak)

I mange år har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og SNO Jostedalsbreen laga ei omfattande årsrapport om alt som har skjedd i nasjonalparken det siste kalenderåret. Ønskjer styret å prioritere å lage ein slik årleg rapport vidare?

Sak 12 – 2012

Heimeside for nasjonalparkstyret (vedtakssak)

Alle større verneområde i Noreg har tilbod om å få tilgong til å lage egne heimesider for å lettare kunne nå ut til publikum, grunneigarar, lokale og regionale styresmakter. Sekretariatet har vore på kurs og er i stand til å drive heimesidene på ein rasjonell måte. Ønskjer styret å nytte seg av denne informasjonskanalen?

Sak 13 – 2012

Medlemsskap i Europarc Federation (vedtakssak)

Jostedalsbreen nasjonalpark har i mange år vore medlem i den europeiske NGO (ikkje-statlege organisasjonen) Europarc Federation. Organisasjonen arrangerer årlege nasjonalparkkonferansar, og på byrjinga av 2000-talet hadde Europarc ein konferanse i Loen, der Jostedalsbreen nasjonalpark vart tema for synfaringar, med meir. Medlemsskap kostar 585 € per år.

Sak 14 – 2012

Eventuelt

- a) Rutine for føring av protokoll
- b) Føring av reiserekning og møtegodtgjersle